

Veterinærvakt Flekkefjord vaktistrikt (Flekkefjord, Kvinesdal og Sirdal) på kveld, natt og helgedagar:

Veterinærkontoret i Sirdal har telefontid for bestilling av tjenester kl 08.00-10.00 på hverdager. Benytt 95 02 02 56. Også ved akutt skade / sykdom dagtid benyttes dette nummeret. Da kan en selvsagt ringe utenom telefontiden.

Frå og med starten på mars 2025, så vil det vere 4 veterinærar tilknytt vaktordninga. Victoria Hille, Petter C Rokstad, Silje Sigerstad og Magne Pedersen. Sistnemnde f o m starten av mars 2025. Desse deler vakta mellom seg, og ein vil nå vakthavande veterinær ved å ringe 94 19 17 78. Om du ikkje når fram på dette nummeret ring 95 02 02 56 for å få opplyst kven som har vakt.

I perioden 10.04.2025 til ca 10.05.2025, så vil det vere 2 veterinærar inne i vaktordninga. Dette for å sikre Veterinærvakt kveld, natt og helg er ikkje meint som ein rådgjevande telefoneneste og skal bare bli brukt når ein treng at dyret blir undersøkt grunna akutt sjukdom / skade. I travle tider har ikkje alltid veterinærane moglegheit til å konferere lenge nok med dyreeigar til å hjelpe med avgjersle til om dette er nødvendig eller ikkje, og ber derfor om raskt svar på om undersøking er ønska eller ikkje.

Dette skjer som oftast når veterinærane allereie står oppteken med ein pasient, har mange telefonar eller mange pasientar på vent. Er du usikker på om det er skade / sjukdom som kan vente, eller om det hastar, så finst det no fleire tilbud for videokonsultasjonar som kan vere til hjelp for å avgjere dette.

Veterinærane prøvar når dei har tid til lengre samtalar å rettleie til kva dyreeigar kan prøve sjølv eller å hjelpe med å vurdere kor alvorleg tilfellet er, men utan undersøking så kan det ikkje bli gitt garanti pr telefon. beredskapen i sauelaminga i ein stort geografisk distrikt.

Vakthavande veterinær har store område aleine, fleire dagar i strekk i helger. Som oftast fungerer dette greitt, men nokre gonger blir behovet for hjelp for stor til at ein veterinær ikkje har fysisk moglegheit til å hjelpe alle innafor kort tid. Veterinæren har då eit ansvar for å prioritere alvorsgraden og det må påreknast ventetid sjølv om situasjonen kjennast som akutt for den det gjeld.

Veterinærvakta er ei førstehjelpsteneste. Ofte krev situasjonar med hobbydyr ei oppfølging som distriktsvakta ikkje kan tilby, med mindre det gjeld avliving eller enkle undersøkingar ved skade, sjukdom m v. Ved desse tilfella kan større dyreklinikkar bli involvert for å få gjort slike konsultasjonar.

Veit vakthavande veterinær at dei er opptekne og ikkje kan hjelpe fort nok, eller at undersøkinga / behandlinga krev utstyr dei ikkje har tilgjengelege, så kan pasienten bli

tilvist direkte. Er det inngrep som må til, som vakthavande ikkje kan utføre uansett årsak, er hjelpeplikta å tilvise eller tilby avliving.

Her er me heldige og har anten døgnopne dyresjukehus austover eller eigen smådyrvakt vestover der større operasjonar og overvaking kan bli utført i trygge omgjevnadar.

Veterinærvaktordninga er organisert i vaktområde der fleire kommunar samarbeider om vaktordninga. «Vest – Agder» er inndelt i følgjande vaktområde:

- Kristiansand (Kristiansand, Sogndalen, Søgne og Vennesla)
- Eiken og Marnardal (Audnedal, Hægebostad, Marnardal og Åseral)
- Lindesnes (Farsund, Lindesnes, Lyngdal og Mandal)
- Flekkefjord vaktistrikt (Flekkefjord, Kvinesdal og Sirdal) Sjå info i artikkel over

Driftsansvaret for veterinærvakta i Flekkefjord vaktistrikt rullerer mellom kommunane. Driftsansvaret for perioden 2024 – 2026 ligg til Kvinesdal kommune.

Målgruppe:

Eigarar av produksjonsdyr, hest og kjæledyr / selskapsdyr med behov for akutt assistanse frå veterinær utanom arbeidstid, og som av omsyn til dyrevelferda ikkje kan vente til neste ordinære arbeidsdag.

Anna informasjon:

Vakttelefonen i Flekkefjord vaktistrikt har diverre måtte stenge nummeret for oppringing frå skjulte nummer. Får du ikkje tak i vakta, sjekk om telefonen du ringer frå har skjult nummer.